



Per Torgersen
Alverneset 10
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7309 - 15/3523

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
16.02.2015

Gbnr.137/288 Alverneset. Melding om vedtak i Plan og miljøutvalet.

I sak 006/15 i Plan- og miljøutvalet var det gjort følgjande vedtak:

«Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

-Med heimel i pbl §19-2 finn Lindås kommunen ikkje grunnlag for å dispensere frå gjeldande plan og kravet om regulering, for frådelling av ein parsell frå gnr.137 bnr.288.

-Med heimel i pbl §20-1 gjev Lindås kommune ikkje løyve til å dele frå eit areal på om lag 700m² frå gnr.137 bnr.288 for overføring til gnr.137 bnr.484, slik det er søkt om.

Grunngjeving for vedtaket går fram av drøftinga nedanfor.

Plan- og miljøutvalet - 006/15

PM - behandling:

Brev frå søkjar Per Thorgersen datert 30.01.2015 vart lagt fram i møtet. Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

-Med heimel i pbl §19-2 finn Lindås kommunen ikkje grunnlag for å dispensere frå gjeldande plan og kravet om regulering, for frådelling av ein parsell frå gnr.137 bnr.288.

-Med heimel i pbl §20-1 gjev Lindås kommune ikkje løyve til å dele frå eit areal på om lag 700m² frå gnr.137 bnr.288 for overføring til gnr.137 bnr.484, slik det er søkt om.

Grunngjeving for vedtaket går fram av drøftinga nedanfor».

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke i kommunestyret 20.03.2014, gjeldande frå 31.03.2014, vert det sendt ut følgjande gebyr:



Dispensasjon frå gjeldande arealplan – krav om regulering	kr. 8500,-
Deling i samsvar med arealformålet, grenser ikkje fastsett	kr. 6300,-
Sum	kr.14800,-

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker frå ein fekk kunnskap om avgjerda, jf. Forvaltningslova §§28 flg.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Per Torgersen

Alverneset 10 5914

ISDALSTØ